

## Eldrerådsmøte:

Tid: Torsdag 15.august 2019, kl. 12.00.

Stad: Skjåkheimen.

Dei som møtte: Heidi Brujordet, Marit Bruheim Kvåle, Per Lars Grimstad Lien, Ola Aanstad og Elin Rø Krogstad

Sakliste:

Sak 11/19

### Oppretting av langtidsparkeringsplassar for privatbilsjåførar som vil nytte buss .

Vi må gjere tilgangen til off. transport meir smidig.  
Alle busshaldeplassar bør ha ein benk eller ein stol.

Vedtak: Partia i Skjåk har fokus på kollektivtrafikk. Bra. Vil sende vedtaket til Miljø- og næringsutvalet,( trafikksikkerhetsutvalet), ved Eli Johanne Lundemo og Fjuken

Sak 12/19

### Eit glas vatn og ein stol.

Alle butikkar og kontor etc. som er oppe for alle, bør kunne tilby eit glas vatn og ein stol. Ideen vart lansert på Eldrekonferansen på Lillehammer i mai.

Vedtak: Saka sendast til Fjuken slik at ideen kan nå ut til flest moglege.

Sak 13/19

### Dører

Eldrerådet har fått innspel frå ei eldre dame. Ho har vanskar med å opne tunge dører. Offentlege dører må kunne betenes lett av alle.

Vedtak: Saka sendast til Skeid Kro då denne døra inn til kafeen er særst tung.

Sak 14/19

### Kvilebenkar.

Det er laga fleire kvilebenkar. Friviljugsentralen tende på Eldrerådet sin ide om å plassere benkar rundt i Bismo, og då mest fokus på "Bismo-runda" Både lag og private har sponsa pengar.

Jo Andre Sperstad Fjeld har sendt mail om framdrifta:

Hei.

*Skriver fort noen ord om benkene slik at du får formidlet dette videre på møte deres J*

*Vi har bestilt 7 benker fra de gode hjelperne der 1 er ferdigprodusert og klar for å settes ut og det er 6stk som i følge Magne Thorstad skal gå fort å få produsert.*

*Venter avklaring på skilt oppsett, men regner med å ha avklart det i løpet av uken.*

*Benkene blir laget av de gode hjelperne og skal settes ut i Skjåk kommune. Målet er å få Fjuken til å lage en sak der vi oppfordrer flere til å bidra slik at vi får satt ut flere benker.*

*Ideen med å få satt ut benker kom etter at Eldrerådet hadde oppe en sak der de så behov for sitteplasser i kommunen. Vi vet at flere kvier seg for å gå lengre turer, da de har behov for å kunne sette seg ned å ta en pause.*

*Ved å plassere ut benker vil vi bidra til at flere eldre kommer seg ut på lengre turer en tidligere, noe som bidrar til økt livskvalitet og bedre helse.*

Vedtak: Saka vert oversendt Fjuken

Sak 15/19

Eldrerådskonferanse på Lillehammer 9-10. mai 2019.

Elin refererer:

- Kafébesøk kvar 14.dag med undervisning i nettlære og telefonopplæring. (Dette vert praktisert i Gausdal). Ideen kjem frå konferansen i Lilleh.  
**Vedtak: Saka sendast til Friviljugsentralen. Kanskje kan ein få hjelp av skuleelevar?**
- Kino på storskjerm. Faste dagar på Skjåkheimen der ein kan vise gode norske filmar. Dette vert praktisert i Vang kommune.
- Allsong kvar veke der ein kan nytte kulturskulen, songlaget eller andre sangglade grupper. Dette vert praktisert i Vang kommune.  
**Vedtak: Sender saka til Aktivitetssenteret på Skjåkheimen.**
  
- **Den kulturelle spaserstokken. Innlegg på konferansen på Lillehammer ved Linda Stewart, Hedmark fylke.**

1. Auke samarbeidet mellom kultursektoren og omsorgssektoren.
2. Målgruppa: Dei på institusjon og heimebuande eldre.
3. Grunnsetningen for kvar kommune etter samanslåinga 1/1-2020. er 25000kr + tilskot pr. eldre
4. Alt vert utbetalt på ein gong. 1.april er deadline for rapportering.
5. Det skal formidlast profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet.
6. Pengane kan også nyttast til transport til kulturutfalding.

PENGANE SKAL IKKJE NYTTAST TIL.....

7. Pengane skal ikkje erstatte kommunen sine tilskot
8. Ikkje gå til administrasjon
9. Ikkje til investeringar

KVA KUNST KAN FORMIDLAST?

- Visuell kunst
- Museumsbesøk
- Musikk
- Litteratur
- Sansekunst
- Danseoppvisning
- Og meir
- [Linda.stewart@hedmark.org](mailto:Linda.stewart@hedmark.org) tlf. 46955207

Vedtak: Sendast til kommunalsjef Hilde Reitan

•

Sak 16/19

Munnhygiene.

Munnhygiene er viktig for god helse, og at tannlækjartenesta er gratis for dei som bur på institusjon. Dette var også oppe på Eldrekonferansen på Lillehammer i mai.

Vedtak: Kanskje dette fungerer godt. Er det god rutine på dette? Saka sendast til Ingvild Mork, avdelingsleiar for Skjåkheimen

Sak 17/19

Dagramnar.

Elin har forhøyrd seg med skulen, Friviljugsentralen og med 2 eldrerådsmedlem på fylkesnivå som vil vere med å gje informasjon om oppgåvene til ein dagramn. Dagramnane er eit pilotprosjekt på fylkesnivå. Dagramnane skal vere synlege i friminutta på skulen. Fint om Eldrerådet kunne få sett i gang eit prøveprosjekt. Godt for både ungar og eldre med ein trygg møteplass. Meir informasjon på møtet.

Dei som vil bli inviterte til informasjonsmøte:

- Skulen
- Friviljugsentralen
- 2 frå Eldrerådet i fylket
- Ungdomsrådet i kommunen
- Kommunalsjef Unnvald Bakke
- Kommunaldirektør Ivar Bø

Vedtak: Elin vil finne møtetid og stad. Denne saka bør sendast til dei det gjeld.

Sak 18/19

Skilting ved Skjåkheimen.

Vedtak:

Eldrerådet tykkjer at Skjåkheimenskiltet gir for dårleg informasjon. Det må også vere med eit skilt der det vert opplyst at bilførarar køyrer forbi ein eldreinstitusjon. Riksvegen har svært stor trafikk om sommaren. Saka vert sendt til Trafikksikkerhetsutvalet ved Eli Johanne Lundemo og Fjuken.

**Takk til Skjåkheimen for hyggeleg og god servering.**

15/8- 2019.

Elin Rø Krogstad (skrivar)